



Reknes Byggjevarer v/Beathe Nilsen  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/554 - 19/17215

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

15.08.2019

## Godkjenning -endringsløyve til endra bustadplassering og oppføring av støttemur - gbnr 27/156 Moldekleiv

**Administrativt vedtak. Saknr: 179/2019**

**Tiltakshavar:** Hans Petter Kjenes

**Ansvarleg søkjar:** Reknes Byggjevarer v/Beathe Nilsen

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endra plassering av bustad på gbnr 27/156 og oppføring av støttemur i grensen mot gbnr 27/150.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.07.19 og supplert 13.08.19.

Det var tidligare gitt byggeløyve i sak 18/554 DS 56/2018 den 20.03.18.

Det er søkt om å flytte bustad 2 meter mot nord-vest i samsvar med vedlagt kart motteke 15.07.19. Det er søkt om oppføring av støttemur i grensen mot gbnr 27/150. Støttemur har lengde på ca. 18 m og høgde frå 0 m til 2m.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 05.08.19. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 13.08.19.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av støttemur er søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-2, jf. 20-1 bokstav b) og k), med krav om ansvarleg føretak, jf. § 20-3.

Den omsøkte eigedommen er regulert til byggeområde for bustad i Reguleringsendring for del av Moldekleivmarka utbyggingsområde, planid: 1256 1988 0003. Reguleringsplanen for Moldekleivmarka vart opphavleg vedteke i 1980.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770


Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 09.02.17 motteke 15.07.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter frå muren. Eigar av gnr. 27/150 har i dokument datert 12.08.19 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Bustad skal flyttast 2 meter nord-vest frå grensen med gbnr 27/155 mot grensen med gbnr 27/150:



## VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til flytting av bustad og oppføring av støttemur på gbnr. 27/156 som omsøkt, jf. søknad journalført motteke 15.07.19.

Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 15.07.19 og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50 cm.

Plassering av bygningen på tomta skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje vert sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Anny Bastesen  
Teknisk sjef

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Tegninger/skisser av muren sak 18/554

Innmålingsrapport - GBNR 27/156

E-post: Gbnr 27156- Heiane. Innmålingsrapport

Situasjonskart 27-156-ASB

27-156-ASB-kor

27-156ASB

Søknad om endring av ansvarsretter og mindre endring av plassering - GBNR 27/156

Situasjonskart

Erklæring om ansvarsrett

Gjennomføringsplan

### **Kopi til:**

Grethe Mostraum	Tjørnavegen 9	5918	FREKHAUG
Hans Petter Kjenes	Tjørnavegen 9	5918	FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Reknes Byggjeverar v/Beathe Nilsen	Masfjordvegen	5986	HOSTELAND
------------------------------------	---------------	------	-----------

**Mottakarar:**

187